



Dato 17.01.18

Saksbehandler Anders Aabø

**REFERAT** frå styremøte 27.01.16, Statens hus, Stavanger.

**Til stades:** Astrid Fjeld, Kirsten J. Steffensen, Anne Hestad Hem, Kjell Olav Henriksen, Ragnvald Wernøe, Anders Aabø.

**Sakliste:**

- 01/16 Godkjenning av referatet frå møtet 02.12.15.
- 02/16 Økonomi.
- 03/16 Studieturen 2016.
- 04/16 Skolemøtet 2016.
- 05/16 Møte med Nettverk Dalane
- 06/16 Fagplanane.
- 07/16 Vestlandsmøtet.
- 08/16 Leiarmøtet 04.03.16.
- 09/16 UMM.
- 10/16 Avtale med Scandic Forum.

**Sak 01/16:** Referatet frå møtet 02.12.15 samrøystes godkjent.

**Sak 02/16:** Saldo pr 31.12.15: Kr 90.000,- (31.12.14: Kr 154.000,-).  
Prognose for overforbruk i 2015: Ca kr 62.000.  
Etter at Trondheim overtok rekneskapsføringa for fylkesavdelinga, vurderer styret at ein ikkje har behov for revisjon av rekneskapen. Dette er òg i samsvar med gjeldande lovverk. På bakgrunn av gjeldande vedtekter og vedtak på Årsmøtet 2015, vel styret likevel å få revidert rekneskapa for 2015 og 2016.

**Sak 03/16:** Saka utsett til møtet 24.02.16.

**Sak 04/16:** Styret gjekk gjennom innkomne forslag til kurs på Skolemøtet 2016 og sette opp liste innanfor kvart fag.

Musikk:

1. Grete Helle Rasmussen (piano) – Anders.
2. Bård Hestnes (band) – Anders
3. Musikk frå livets begynnelse - Anne
4. Phillip Dammen (prestasjonsproblematikk) – Kjell Olav
5. Lundestad (gitar) – Astrid

Teater/kunst: 6. Arne Nøst / Marita Skogen – Kirsten

Dans: 7. Belinda Braza / Håvard Engell– Kirsten

Det er viktig at kurshaldarane set opp ein «tittel» på kurset som seier noko konkret om innhaldet og dermed avgrensar målgruppa.  
Frist for forespørsel til kurshaldarane og melding til rådgivar: 02.02.16.

I tillegg sender fylkesavdelinga inn følgjande forslag til Skolemøtet:

1. «Liv og læring for framtida» v / Erling Barlindhaug, KS
2. «Om dei estetiske faga si rolle og viktighet i samfunn og opplæring» v / Sigrid Røiseng professor i kultursosiologi BI Oslo/NMH
3. «Den gode lærar» v / Trine Vollan og Inge Eidsvåg

**Sak 05/16:** Møtet med Nettverk Dalane: 11.05.16 kl 10.00.

Fylkesleiar, fylkesrådgivar og rektor i Eigersund utarbeider invitasjon og agenda for møtet. Tidsramme (ca): kl 10.00 – 12.30 med lunsj kl 12.00. Styret held fram med eige møte etter lunsj.

**Sak 06/16:** Styret hadde hatt kort tid til å setja seg inn i fagplanane. Ein avventar vidare arbeid til «gjøringsprosessen» er ferdig. Sandes og Time deltek i Trinn 2 i denne prosessen. Styret hadde likevel eit par kommentarar som vert referert:

1. Det er ein tydeleg læringsprofil i planane.
  2. Aksen: Pensum ←-----→ IOP (Individuell Opplærings Plan)
- Høyringsprosessen vert info – sak på leiarmøtet 04.03.16.

**Sak 07/16:** Vestlandsmøtet er i Førde 07. – 08.04.16.

Fylkesleiar og fylkesrådgivar deltek frå Rogaland. Saker som Rogaland eventuelt ønskjer å ta opp i møtet, vert sendt inn etter neste styremøte.

**Sak 08/16:** Sakliste til leiarmøtet 04.03.16:

1. Talentutvikling i Rogaland. Ansvar: Kjell Olav.
2. UKM Rogaland. Ansvar: Anders.
3. Studietur 2016 (Finland).
4. Info – saker. (VP, Rammeplan – prosess, andre saker).
5. «Rundebord».

**Sak 09/16:** UMM vart omorganisert i 2014. Følgjande organisasjonar samarbeider nå om UMM: Norsk kulturskoleråd, Musikkpedagogene Norge og Norges Musikkorps Forbund (NMF).

I Rogaland sa Stavanger kulturskole deg villig til å ta arrangementet i 2015. Fylkesleiaren tek kontakt med Stavanger kulturskole for å avklara om dei kan / ønskjer å vera Norsk kulturskoleråd sin representant i den regionale arbeidsgruppa.

**Sak 10/16:** Fylkesavdelinga har motteke tilbod frå Scandic Forum hotell på møterom inkl dagpakke og overnatting i tilknytning til Skolemøtet 2016. Rådgivaren sjekkar ut med kulturskolerådet sine samarbeidpartnarar Choice og Thon om pris på tilsvarande pakke. Saka vert sett opp på neste styremøte.

Finnøy 28.01.16.

Anders Aabø  
(Referent)